



**Saksframlegg**

**Søknad om tilskot frå næringsfondet - Jostein Kile Mekaniske**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet**

**Dokument i saka:**

Vedlegg

- 1 533\_FormOwnerCopy.pdf
- 2 Finansieringsplan\_Jostein\_Kile\_ENK.pdf

**Bakgrunn for saka:**

Fyresdal kommune har motteke søknad frå Jostein Kile Mekaniske (org.nr. 935 612 993) om kr 40 000 i etablerartilskot. Føretaket vart registrert i Brønnøysundregisteret 03.06.2025 og skal levere tenester innan mekanisk arbeid, sveising (TIG/MIG/elektrode), transport, sand- og glasblåsing samt dronefilming. Verksemda tek sikte på å utføre praktiske og tekniske oppdrag knytte til industri, vedlikehald og service for både private og næringsaktørar.

Søkjjar har fagbrev som industrimekanikar og relevant fagkompetanse innan feltet. Føretaket har allereie utført oppdrag for fleire aktørar i fylket, noko som indikerer ei etablert etterspurnad etter tenestene.

Tilskotet er planlagt nytta til etablerings- og utviklingskostnader, mellom anna kursing og førarkort klasse C, for å styrke kompetansen og legge til rette for eit utvida tenestetilbod. Vidare skal midlane nyttast til investeringar i utstyr og verktøy, marknadsføring, transportløysingar samt øvrige oppstartskostnader knytte til drift og vidare utvikling av verksemda.

**Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for næring og arbeidsliv.*

Søknaden gjeld etablering av ei lokal verksemd innan mekanisk arbeid, sveising, transport, sand- og glasblåsing samt dronefilming. Verksemda vil tilby praktiske og tekniske tenester knytte til industri, vedlikehald og service, eit område der det kan vere venta auka aktivitet i åra framover, mellom anna knytt til større utbyggingsprosjekt i regionen.

Søkjjar framstår med relevant fagkompetanse som industrimekanikar og har allereie etablert aktivitet gjennom oppdrag for fleire aktørar i fylket. Det er positivt at verksemda i ein tidleg fase har opparbeidd seg erfaring og kundekontakt, noko som kan bidra til å redusere etableringsrisikoen og styrke grunnlaget for vidare drift.

Etableringa vil kunne bidra til å styrke det lokale næringslivet og auke tilgangen på kompetanse innan mekanisk kompetanse og industrielle tenester i Fyresdal og Vest-Telemark. Verksemda kan også ha potensial for å levere tenester inn mot større utbyggingsprosjekt, noko som er i tråd med kommunen sitt mål om å legge til rette for lokale ringverknader.

Søkjjar er i dag tilsett i 100 % stilling ved sida av verksemda, men arbeider i turnus-/skiftordning, noko som gir fleksibilitet til å utvikle verksemda og gjennomføre oppdrag i føretaket.

Den faste stillinga ved sida av verksemda gir økonomisk føreseielege rammer i etableringsfasen, då det å drive eiga verksemd inneber økonomisk risiko og usikkerheit. Målet på sikt er likevel å kunne drive verksemda på heiltid.

Søkjjar har allereie gjort betydelege investeringar i verksemda, mellom anna i kranbil, fleire sveiseapparat og diverse verktøy, til ein samla verdi på om lag kr 90 000–110 000. I tillegg er det sett i gang oppføring av garasje som skal fungere som base for verksemda, med ein estimert kostnad på om lag kr 200 000.

Det føreligg ikkje eit detaljert budsjett, men dei oppgitte tiltaka det søkjast støtte til er relevante og nødvendige i ein oppstartsfasen. Ved ein søknad om tilskot i forbindelse med investeringar ville administrasjonen etterspurt dette.

Samla sett vurderer kommunedirektøren at søknaden er godt fundert, og at eit etablerartilskot vil kunne bidra til å realisere og vidareutvikle verksemda.

#### **Konklusjon:**

Søknaden frå Jostein Kile Mekaniske vurderast å vere i tråd med føremålet for etablerartilskot. Tiltaket har potensial for lokal verdiskaping og styrking av næringsgrunnlaget i kommunen.

Ein ser særleg positivt på at unge tek initiativ og ønskjer å etablere eiga verksemd. Slike etableringar er viktige for å sikre rekruttering, aktivitet og utvikling i lokalsamfunnet.

#### **Innstilling frå kommunedirektøren:**

Kommunedirektøren tilrår 40 000 kroner i støtte på etablerartilskot til Jostein Kile Mekaniske. Pr 20.05.2026 står det kr 530 000 disponibelt på Næringsfondet.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Sunniva Slyngstad
	prosjektkoordinator